



KOPI

Bolig & Eiendom As
Stølen 26
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/9114 - 23/18774

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
08.03.2023

Godkjent rørleggarmelding - Gbnr 137/119 Alver

Me viser til rørleggarmelding motteke 28.12.2022 med vedlagd situasjonsplan(VA-kart) og e-post av 07.02.2023 med etterspurd dokumentasjon.

Adresse byggeplass: Isdalstøbakken 80 – Gbnr 137/119
Type bygg: Ny tomannsbustad
Type arbeid: Tilknytning offentleg vatn og avløp

Rørleggjarmeldinga er godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, tekniske og administrative bestemmelser.

Stikkleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om tilknytning, kap.2.1. Adm. bestemmelser. Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelser.

Søknadsplikt etter plan og bygningslova:

Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.
Ev. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrforskrift.

Tilknytingsgebyr:

Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar.
Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje i gong setjast før gebyr er betalt.
Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Vassmålar og basseng :

Har kunde basseng skal det monterterast vassmålar på hovudinntak.
Det skal nyttast kommunal vassmålar. Kommunal vassmålar kan hentast på driftsstasjonen på Stølen 7 etter avtale.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa røyrføring frå bygg til tilkopling offentleg leidning.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.

Endring av tilknytning til kommunalt vatn/avløp

Alle endringar i ettertid, som medfører vesentlege endringar i vassforbruk eller utslepp, krev løyve frå kommunen, og skal om søkjast. Søknad skal skje på rørleggarmelding KF-570.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bolig & Eiendom As

Stølen 26

5911

Alversund

Mottakarar:

Stendal Vvs As

Blombakken 1

5911

Alversund